



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Nina Søvik Mjømen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
15/246163-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.02.2016

Uttale til dispensasjon – Søknad om planering og deponi – Fv. 595 – gnr. 99 bnr. 9 / 12 – Radøy kommune

Statens vegvesen mottok søknad 30. november 2015 med dispensasjon frå byggjegrænse langs veg, *vår referanse FV 565 Hp 3 km 4,722*.

Kva saka gjeld:

Arkoconsult AS har på vegner av tiltakshavar søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs Fv. 565 Slettavegen. Tiltakshavar ønskjer å planere del av gnr. 95 bnr. 9 og 12. Arealet skal fungere som massedeponi i anleggsperioden, medan det ferdig planerte området skal nyttast til lagringsplass. Det skal opparbeidast anleggsveg innan området. I tillegg til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg, må det søkjast om utvida bruk av avkøyrsla.




Fig: Utsnitt av arealdel av kommuneplan for Radøy.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Arealet er synt som noverande næringsområde i arealdelen av kommuneplan for Radøy, medan eit mindre del av areal er synt som område avsett til landbruk,- natur og friluftsliv (LNF).

Det kjem av dei generelle føresegnene til arealdelen av kommuneplan for Radøy at det er plankrav for tiltak som krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova.

Opplysning om saksgong:

Det er Radøy kommune som er rette mynde for å vurdere om tiltaket utløyer krav om reguleringsplan. Slik vi tolkar føresegnene i kommuneplanen er det knytt plankrav til dette tiltaket og søknaden skal såleis behandlast som ein dispensasjonssak etter plan- og bygningslova (pbl).

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt ansvarsområde jf. pbl § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

Førehandsfråsegn til handsaming etter plan- og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Tiltaket ligg langs Fv. 565 Slettavegen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t. Veggen er smal og svingete på gjeldande strekning, og vegskulder og tilstøytande sideareal der ein planlegg deponi er bratt. Årsdøgntrafikk (ÅDT) er 1500. Strekingen er klassifisert i haldningsklasse 2 jamfør «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)».

Vurdering:

Byggjegrense:

Byggjegrensar langs veg skal ivareta omsynet til trafikktryggleiken, vegvedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av veggen, og miljøet langs veggen.

I «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region Vest» er veggen klassifisert som haldningsklasse 2. Det vil mellom anna seie at avstandskravet vi skal leggje til grunn er 50 meter. I søknaden er det tatt utgangspunkt i eit minste avstandskrav på 4,9 meter. Dette er vesentleg avvik frå avstandskravet i rammeplanen. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar søknaden, og Statens vegvesen vil ha ei streng haldning til dispensasjon frå denne byggjegrensa.

Det kjem fram av vedlegg til søknaden at det skal utførast grunnarbeid i skjering mot veg. Statens vegvesen vil ikkje gje løyve til tiltak som rører ved vegkroppen.

Avkøyrslar:

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrslar, eller til utvida bruk av eksisterande avkøyrslar, er at det skal vere tilstrekkeleg sikt. I dette tilfellet er kravet til sikt at ein skal sjå 100 meter til kvar side av køyrebanen frå eit augepunkt 1.1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. Vi

ser at det kan vere svært vanskeleg å oppnå tilfredstillande sikt, særleg mot høgre i avkøyrsla.

Andre krav vi normalt setter til avkøyrsla, er knytt til svingradius. Svingradiusen skal vere minimum 4 meter, men dersom det er stor del av større køyretøy (til dømes lastebil) som skal nytte avkøyrsla vil krav til svingradius auke. Å stette kravet til svingradius er viktig slik at ein får eit ønska køyremønster og ein fartsreduksjon i avkøyrsla. I dette tilfellet vurderer vi det slik at ein stor del av køyretøya som skal nytte avkøyrsla er større bilar. Kravet til svingradius vert då 12 meter. Det er vidare krav til helling / stigning i ei avkøyrsel.

Det må vere tilstrekkeleg snu og manøvreringsareal inne på eigen eigedom, slik at ein ikkje legg opp til manøvrering på fylkesvegen.



Fig: Vegbilette av avkøyrsla (2015).

Vidare saksgong:

Statens vegvesen utsetjer vidare behandling av søknaden etter veglova til omsøkt arealbruk (deponi / næring) og eventuelt plankrav er avklart av kommunen som rette mynde.

Sluttord:

Statens vegvesen er kritisk til søknaden slik den føreligg. Vi ser det vil vere vanskeleg å akseptere ei byggjegrense på 4,9 meter frå vegmidte. Vi ser også at det vil vere utfordrande å opparbeide avkøyrsla til dagens standard i samsvar med gjeldande tekniske krav.

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Kopi
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.